



Alkoholpolitiske retningslinjer
for kommunane i Setesdal –
Evje og Hornnes, Bygland, Valle og Bykle
2013 – 2016

Vedteke i k.sak 61/13 den 25.4.13

Innholdsregister

1. Innleiing	3
2. Lovgrunnlag	3
3. Målsetjing	3
3.1 Målsetjinga i alkohollova	3
3.2 Kommunal målsetjing	3
4. Retningslinjer for løyvepolitikken i Setesdal	4
4.1 Generelle retningslinjer	4
4.2 Løyveperioden	4
4.3 Vandelskravet	4
4.4 Tildeling og fornying	4
4.5 Internkontroll.....	5
4.6 Retningslinjer og vilkår for salsløyve	5
4.7 Retningslinjer og vilkår for skjenkeløyve	5
5 Sals- og skjenketider i Setesdal.....	6
5.1 Typar løyve	6
5.2 Salstid.....	6
5.3 Skjenketid	6
6 Kontroll med sals- og skjenkeløyve	7
7 Retningslinjer for sanksjon ved brot på regelverket	7
7.1 Generelt.....	7
7.2 Brot på regelverket.....	7
7.3 Reaksjonsmønster	8
8. Gebyr	8
9. Delegasjon	9
Relevante forskrifter, lovar og anna:.....	10

1. Innleiing

Denne alkoholpolitiske planen er ein del av den heilskaplege interkommunale rusmiddelpolitiske handlingsplanen for Setesdal. Planen gjeld for 3 år, frå 2013 til 2016. Alkohollova tilrår at planen vert vedteken av kvart nytt kommunestyre.

Alkoholpolitisk plan for Setesdal skal gje rammene for handsaming av saker etter alkohollova og gje politikarar, innbyggjarar og næringsdrivande oversyn over kva som vert lagt til grunn ved handsaming og vedtak i slike saker. Alkoholpolitisk plan for Setesdal er utarbeidd i samarbeid med sal- og skjenkeansvarlege i dei ulike kommunane.

Alkohollova set nokre rammer for alkoholpolitikken til kommunane gjennom regulatoriske virkemiddel, men kommunane har fridom til og ansvar for å utforme alkoholpolitikken lokalt (Meld.St.30, 2011-2012). I alkohollova er det fleire kryssande omsyn som ein skal ivareta. På den eine sida er alkohol ei lovleg vare som styremaktene ønskjer at skal vere tilgjengeleg, og på den andre sida ynskjer ein å redusere dei sosiale og helsemessige skadar som alkohol medfører. Det er arbeidsplassar og inntekt knytt til sal og skjenking av alkohol, samtidig som alkohol kan påføre samfunnet og det enkelte menneske stor lidning.

2. Lovgrunnlag

Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 02. 06.1989 nr. 27 (alkohollova) og Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. av 08.06.2005 nr. 538

Andre relaterte lover:

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. av 24.06.2011

Lov om folkehelsearbeid av 24.06.2011

Lov om barneverntenester av 17.07.1992

Lov om vern mot smittsame sjukdomar av 05.08.1994

3. Målsetjing

3.1 Målsetjinga i alkohollova

I samsvar med målsetjinga i alkohollova skal kommunane arbeide for å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadar som alkoholbruk kan føre til. Forsking syner at auke i alkoholbruk fører til større skadeverknader; mindre alkoholbruk reduserer skadeverknadane. Den lokale alkoholpolitikken i Setesdal kan då vere eit styringsreiskap for å minke skadeverknaden ved alkoholbruk mest mogeleg.

3.2 Kommunal målsetjing

Kommunane i Setesdal vil at lokal alkoholpolitikk skal medverke til at omsetnad av alkohol skjer på forsvarleg vis og innanfor dei rammer som lovverket set. God kontroll med sals- og skjenkestadar skal sikre at lov og regelverk vert fylgd. Kommunane i Setesdal vil arbeide for å oppfylle hovudintensjonen i alkohollova ved å redusere skadeverknaden av alkohol gjennom å redusere alkoholbruken. Viser elles til målsetjingar i interkommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan. Sjå spesielt kapittel 3 og alkoholpolitiske tiltak i kapittel 4.

4. Retningslinjer for løyvepolitikken i Setesdal

4.1 Generelle retningslinjer

Kommunane kan tildele to slags løyve:

- Salsløyve.
- Skjenkeløyve, permanent, for ein bestemt del av året eller for ei enkel anledning, og ambulerande skjenkeløyve til lukka selskap.

Kommunane kan fastsetje aldersgrense for å komme inn på enkelte skjenkestadar. Innføring av aldersgrense på einkilde arrangement blir vurdert individuelt, og kan setjast som vilkår for skjenkeløyve. På stadar der driftskonseptet kan vere forskjellig på dag og kveldstid, kan det vere aktuelt å innføre aldersgrense bare om kvelden. Kommunane vil ikkje setje "tak" på sals- eller skjenkeløyve. Det gjeld også ambulerande skjenkeløyve.

Ambulerande skjenkeløyve til lukka selskap tildelast privatpersonar, det vil seie søkarar utan alminneleg løyve. Det kan gjevast løyve for gruppe 1, 2 og 3. Selskapet må vere lukka. Skjenkeløyve for ei enkel anledning (opne arrangement) må knyte seg til ei bestemt hending, og det må tildelast særskilt løyve for kvart enkelt arrangement. Då dette er snakk om opne arrangement, er kommunane restriktive overfor enkeltpersonar som søkarar då desse ikkje har røynsle med skjenking. Søkarar med alminneleg løyve frå før, eller som har røynsle frå utøving av alminneleg løyve føretrekkast. Det kan gjevast løyve for alkoholhaldig drikke i gruppe 1, 2 og 3. Ved større opne arrangement er kommunane likevel restriktive med å gje bevilling for gruppe 3. Ved arrangement som er opne for publikum bør det innhenta godkjenning frå politiet av trafikale tilhøve, vakthald og arealavgrensing, før søknaden handsamast. Ansvarleg person ved alle ambulerande skjenkeløyver skal vere minimum 20 år og erklære seg kjent med gjeldande regelverk.

4.2 Løyveperioden

Løyveperioden gjeld normalt for 4 år om gongen med opphøyr 30. juni året etter byrjing av ein ny kommunestyreperiode. Denne løyveperioden vil gjelde for 3 år på grunn av at dei førre retningslinjene blei forlenga eitt år medan interkommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan blei utarbeida. På denne måten vil neste periode starte frå byrjinga av ein ny kommunestyreperiode. I saker der det er grunn til å få evaluert eit enkelt løyve oftare enn kvart 4. år kan ein gje kortare vedtak på minimum 1 år.

4.3 Vandelskravet

Sals- og skjenkeløyve kan nektast på grunnlag av negativ uttale frå politiet når høvet knytter seg til alkohollover eller anna lovgjeving som knytter seg til formålet i alkohollover. Negativ uttale om vandel i forhold til skatte- og avgiftslovgjevinga kan også gje grunnlag for å nekte løyve. Ein syner for øvrig til alkohollover § 1-7 b.

4.4 Tildeling og fornying

Ved tildeling og fornying skal det leggast vekt på om søkjar er eigna til å ha sals- og skjenkeløyve og om han/ho oppfyller krava i alkohollover § 1-7 c som m.a. omhandlar alder og krav om dokumentert kunnskap om alkohollover.

Søknad om sals- eller skjenkebevilling skal innehalde/vedleggast følgjande:

- firmaattest

- skatteattest
- teikningar av lokale
- konseptskildring
- bevis for bestått kunnskapsprøve i alkoholoven for styrar og vikar for styrar
- bevis for etablererprøve for styrar ved serveringsstad
- tiltak for internkontroll for å sikre at krav fastsatt i eller i medhald av alkoholova overhaldas

4.5 Internkontroll

Innehavar av sals- og skjenkeløyve har plikt til å ha eit internkontrollsystem, jamfør forskrift til alkoholova kapittel 8. Ein kan gjere unntak for løyve i eit enkelt høve når det vil virke urimeleg mellom anna ut frå storleiken på arrangementet. Det er viktig med internkontroll ved store og uoversiktlege arrangement som festivalar etc. Det er ikkje krav til internkontroll ved ambulerande skjenkeløyve. Kommunane vil ved behov gje råd og rettleiing til løyvehavar i arbeidet med å utforme eit internkontroll system.

4.6 Retningsliner og vilkår for salsløyve

Daglegvarebutikkar som har eit fullverdig, variert og tilfredsstillande tilbod av daglegvarer kan få salsløyve for alkoholhaldig drikke inntil 4.7 volumprosent alkohol. Kunnskapsprøva må gjennomførast.

4.7 Retningsliner og vilkår for skjenkeløyve

For kvart løyve skal det utpeikast ein styrar og vikar for styrar, der begge skal godkjennast av kommunen. Styrar og vikar for styrar må vere tilsett på skjenkestaden eller arbeide i verksemda i kraft av eigarstilling. For begge er det krav om bestått kunnskapsprøve i alkoholova. Det er ikkje krav til kunnskapsprøve for ambulerande skjenkeløyve eller løyve for eit enkelthøve. Kommunen har ansvaret for gjennomføring av kunnskapsprøve i alkoholova i samsvar med retningsliner for slike prøver, jamfør forskrifta kapittel 5. Kommunane vil utarbeide standardiserte søknadsskjema for søknad om sals- og skjenkeløyve i tråd med reglane i alkoholova og forskrifta. Løyvehavar må alltid fylgje lova og forskriftene i tillegg til kommunale retningsliner. Skjenkestaden har plikt til å delta på orienteringsopplegg som kommunane arrangerer (til dømes: "Ansvarlig vertskap" og liknande) når dette arrangerast. Dette vil vere vilkår for skjenkeløyve.

a. Pub/bar og diskotek

Dette er skjenkestadar der alkoholserving vil utgjere hovudtilbodet. Øl, vin og brennevinløyve kan gjevast.

b. Restaurantar

Med dette meiner ein serveringsstadar som har eige kjøkken med koking av eigen mat med eit variert og tilfredsstillande tilbod og med servering ved borda. Øl, vin og brennevinløyve kan gjevast.

c. Hotell/motell og fjellstover

Det kan gjevast skjenkeløyve til hotellet/motellet sine gjester på overnattingsstadar som har tilfredsstillande standar (minibar servering) jamfør forskrifta § 4-8. Øl, vin og brennevinløyve kan gjevast. Avgrensing i opningstida gjeld ikkje.

d. Kafear

Med kafear meiner ein serveringsstadar med eige kjøkken med eit variert og tilfredsstillande mattilbod. Øl og vinløyve kan gjevast. Det skal ikkje gjevast skjenkeløyve til gatekjøkken. Med gatekjøkken meiner ein serveringsstad der tilbodet er enkle matrettar av heil- eller halvfabrikat.

e. Utandørs servering

Det kan i utgangspunktet bare gjevast skjenkeløyve til uteservering i direkte tilknytning til restaurant/serveringsstad av mat (terrasse servering). Øl, vin og brennevinløyve kan gjevast. Uteservering skal skje på tydeleg fysisk avgrensa område.

f. Avgrensing i høve til å få skjenkeløyve

- Det vert som hovudregel ikkje gjeve skjenkeløyve til idrettsarrangement.
- Skjenkeløyve ved faste årlege arrangement kan imidlertid gjevast.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve ved arrangement der barn og unge er målgruppe.
- Skjenkeløyve i lokalar som idrettshall, idrettsanlegg og offentleg forsamlingshus kan gjevast etter ei konkret vurdering i enkelthøve. Det kan bare gjevast løyve til skjenking av øl og vin til verksemder med allmennelig skjenkeløyve. Dersom det i statuttane for huset er forbod mot alkoholserving kan løyve ikkje gjevast.
- Kommunane skal vere tilbakehaldne med å gje skjenkeløyve til skjenkestader som er lokalisert i nærleiken av skule, leikeplass, ungdomsklubb eller andre stader der barn og unge samlast. Viss det er aktuelt å gje slik, skal det særleg vurderast å gje skjenkeløyve til tider der barn og unge ikkje er samla.

g. Skjenkelokal m.m.

Ved tildeling av løyve skal skjenkelokalet si målgruppe, storleiken på lokalet, trafikk tilhøve, ordensmessige problem, høve til å føre kontroll og omsyn til lokalmiljøet tilleggjast vekt. Ved tildeling av ambulerande løyve/løyve til enkeltarrangement skal ein fylgje dei same reglane som for fast løyve. Elles syner ein til reglane for tildeling av skjenkeløyve i alkohollova kapittel 4.

5 Sals- og skjenketider i Setesdal

5.1 Typar løyve

- Over 2,5 % og høgast 4,7 % (gruppe 1)
- Over 4,7 % og mindre enn 22 % (gruppe 2)
- Mellom 22 % og 60 % (gruppe 3)

5.2 Salstid

Sal og utlevering av drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol kan bare skje mellom kl. 08.00 og kl. 20:00 på kvardagar. Laurdagar og dagar før heilagdaggar må salet stengjast kl. 18:00. Det er ikkje høve til sal av alkoholhaldig drikk som nemnt ovanfor på sun- og heilagdaggar, 1. og 17. mai, og røystedagane for stortings- og kommunestyreval og folkerøysting vedteke med lov. Syner elles til alkohollova § 3-7.

5.3 Skjenketid

- a. Skjenking av drikk **under** 22 volumprosent alkohol (gruppe 1 og gruppe 2):
 - Kvardagar, sun- og heilagdaggar og offentlege høgtidsdaggar kl. 08:00- 02:00.
 - b. Skjenking av drikk **over** 22 volumprosent alkohol (gruppe 3):
 - Kvardagar, sun- og heilagdaggar og offentlege høgtidsdaggar kl.13.00- 02:00.
- Konsum av skjenka alkohol må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida er slutt.

Setesdal vil som utgangspunkt ikkje gje skjenkeløyve utover den tida som går fram av punkt a og b ovanfor. Det må heilt spesielle grunnar til for å fråvike dette prinsippet for eit enkelt høve. Syner til alkohollova § 4-4.

c. Alle søkarar får i utgangspunktet same skjenketid, men det kan differensierast ved behov for kortare skjenketid. Her syner ein spesielt til det siste punktet under avgrensing i høve til å få skjenkeløyve.

6 Kontroll med sals- og skjenkeløyve

Etter alkohollova § 1- 9 har kommunen ansvaret for kontroll med sals- og skjenkestadar som ligg i kommunen.

- Kontroll av sals- og skjenkestadar skal utførast av engasjerte kontrollørar.
- Det skal foretas **minimum** tre gonger så mange kontrollar per år som det er løyver, og kontrollen skal særleg legge vekt på sals- og skjenketidane, aldersgrensereglane og at det ikkje blir selt eller skjenka alkohol til personar som er openbart påverka av rusmidlar.
- Kontrollørane skal så langt det er mogeleg leggje kontrollen til tider når det er store arrangement. Den som tildel løyve skal gje kontrolløren beskjed om store arrangement, og skal vurdere om det er trong for ekstra kontroll.
- Kontrolløren skal også kontrollere føring av internkontroll etter forskrift til alkohollova kapittel 8. Det skal gjennomførast røykekontroll etter tobakksskadelova § 12 samstundes som skjenkekontroll gjennomførast. I tilfelle ansvaret ikkje er delegert, så er kommunestyret ansvarleg for å føre tilsyn med at reglane i tobakksskadelova § 12 blir overhaldne; jamfør tobakksskadelova § 13.
- Kontrolløren sender rapport til kommunen etter kvar kontroll. Kontrollen fylgjer elles av forskrift til alkohollova kapittel 9.

7 Retningslinjer for sanksjon ved brot på regelverket

7.1 Generelt

Reglar for sakshandsaming og klage fylgjer forvaltningslova når ikkje anna er bestemt i alkohollova med forskrifter. Alkohollova § 1-8 gjev heimel for inndraging av sals- og skjenkeløyve for kortare eller lengre tid. Forskriftene til alkohollova skil mellom alvorlege og mindre alvorlege brot på regelverket. Det er viktig med eit konsekvent, rettferdig og føreseieleg reaksjonssystem i dei tilfelle føresegna i alkohollova ikkje vert overheldt. Påviste brot på regelverket kan få fylgjer for løyvehavarane i form av t.d. inndraging av løyve (kommunen) og/eller straff (politiet).

7.2 Brot på regelverket

a. Alvorleg brot

- Sal og skjenking til personar under alderskravet
- Sals og skjenking til overstadig rusa personar
- Brot på sals- og skjenketida
- Omsetnad av narkotika på skjenkestaden
- Manglande innbetaling av løyvegebyr etter fleire purringar
- Brot på alkohollovas vandelskrav i løyveperioden, jamfør § 1-7 b i alkohollova

b. Mindre alvorlege brot

- Brot på reklameforbodet
- Manglande internkontroll, jamfør forskrifta kap. 8
- Tilgang til skjenkestaden for synleg rusa personar
- Skjenking til bord med synleg rusa personar til stades
- Nyte alkoholhaldig drikke som er teke med til skjenkestaden
- Ta med alkoholhaldig drikke når dei forlèt skjenkestaden
- Manglande alkoholfrie alternativ

Denne opplistinga er rettleiande då det også kan vere andre brot som kan føre til sanksjonar.

7.3 Reaksjonsmønster

a. Alvorlege brot

- Ved 1. gongs brot på regelverket vert det normalt reagert med skriftleg åtvaring. Ved særleg grove brot på alkohollova kan løyve inndragast også ved fyrste gongs brotet.
- Ved 2. gongs brot vert det reagert med inndraging for ein kortare eller lenger periode. Ved vurdering av for kor lenge løyvet skal inndragas, kan mellom anna type overtreding, kor grov overtredinga er, tidlegare praktisering av løyve, om løyvehavar kan klandras for overtredingane og kva som er gjort for å rette opp tilhøvet vektleggjast.
- Ved 3. gongs brot vert løyve inndrege for resten av perioden.
- Brot på vandelskravet, jamfør alkohollova § 1-7 b, kan, etter ei skjønsmessig vurdering føre til inndraging av løyve for resten av perioden.
- Ved manglande innsendt oppgåve over omsett mengde alkohol eller manglande innbetaling av gebyr, vert løyve inndrege etter 2. gongs purring og gjeld inntil oppgåve er sendt inn og gebyr betalt.
- Ved brot på reglane i alkohollova der ambulerande løyve/løyve for enkeltarrangement er gjeve kan løyve straks inndragast av politiet.
- Kombinasjon av alvorlege og mindre alvorlege brot på reglane kan få verknad for reaksjonsmønsteret i form av lengre inndragingsperiode.

b. Mindre alvorlege brot

- Ved fyrste gongs brot vert det reagert med skriftleg åtvaring.
- Ved 2. gongs brot vert det reagert med inndraging av løyve for 1 veke.
- Ved 3. gongs og fleire brot vert det reagert med inndraging for ein kortare eller lenger periode. Ved vurdering av for kor lenge løyvet skal inndragas, kan mellom anna type overtreding, kor grov overtredinga er, tidlegare praktisering av løyve, om løyvehavar kan klandras for overtredingane og kva som er gjort for å rette opp tilhøvet vektleggjast.
- Kombinasjon av mindre alvorlege og alvorlege brot på reglane kan få verknad for reaksjonsmønsteret i form av lengre inndragingsperiode.
- Åtvaring og brot på reglane i tidlegare periodar kan også bli lagt vekt på ved vurderinga av inndraging av løyve.

8. Gebyr

Kommunane vil fylgje satsane i lova og forskrifta for innkrevjing av gebyr. Ein visar til alkohollova § 7-1 og forskrifta §§ 6-1 og 6-2.

Ambulerande skjenkeløyve (alkohollova § 4-5): Gebyr må vere innbetalt før løyve vert teke i bruk. Skjenkeløyve til enkelt arrangement (gitt etter alkohollova § 1-6): Gebyr vert fastsett etter forventa omsetnad og skal betalast seinast 3 dagar før arrangementet finn stad. Ved kontroll må gyldig kvittering synast.

9. Delegasjon

a) Kommunestyret

- Godkjenne alkoholpolitiske retningslinjer
- Tildele sals-og skjenkeløyve for ein ny løyveperiode
- Inndraging av sals-og skjenkeløyve
- Fastsetjing av sals-og skjenketider
- Fastsetje løyvegebyr
- Gjeve skjenkeløyve for ein bestemt del av året.
- Kontroll av sals -og skjenkeløyve (§1-9)

b) Rådmannen

- Tildele ambulerande løyve (§4-5) og løyve for enkelt bestemt anledning (§1-6)
- Utviding av skjenkelokale for ei enkelt bestemt anledning (§4-2 siste lekken)
- Utviding av skjenketida for ei enkelt bestemt anledning (§4-4, 3 lekken)
- Skifte av styrar og stedfortreder dersom politiet ikkje har merknader (§1-7c)
- Inndra løyve i dei tilfelle der politiet har stengt serveringsstaden (§1-8a)
- Endre alkoholpolitiske retningslinjer i samsvar med lov-eller forskriftsendringar som trer i kraft i løpet av løyveperioden.